

Avtale om bruk av datautstyr 8.–10. trinn

Elevane er ansvarlege for at dei nyttar utstyret til det dei skal i skuletida. Det overordna IKT-reglementet for Vanylven kommune med rettleiing gjeld for alle elevane ved skulen. Gjennom FEIDE-prosjektet har alle elevane ved skulen fått tildelt eit passord som skal gje dei ei pålogging til ressursar som vert nytta i undervisninga.

Reglane gjeld brukarrettar og oppførsel gjeld bruk av datamaskinar/IKT-utstyr generelt både for kommunen sitt nettverk og for internett. Reglane er laga for å verne dine og andre sine rettar til å bruke og dele nettet. I tillegg til norsk lov, mellom anna om undervisning, om åndsverk, kjøp og sal av tenester og telekommunikasjon, gjeld følgjande reglar for bruk av datautstyr ved vår skule:

Generelle reglar for utlån:

Eg har det fulle ansvaret for å passe på at ingen skade skjer på datamaskin, nettbrett, eller anna utstyr som vert tatt i bruk i undervisninga (gjeld både maskin, programvare, adapter og anna utstyr). Foreldre/føresette må passe på at dette vert overheldt dersom utstyr skal takast med heim frå skulen.

1. Maskinene vert brukt til det undervisninga til kvar tid legg opp til.

Døme på dette er:

- Å løyse oppgåver og prosjekt som er ein del av undervisninga.
- Å skrive dei rapportane og innleveringane som går inn i dei ulike faga.
- Avvikling av prøver og testar.
- Individuell trening på databruk.
- Anna verksemd som chat, spel, sjekking av e-post, streaming av filmar/seriar og generell surfing på nett, skal berre skje etter avtale med lærar.

2. Eg har ikkje lov til

- Å laste ned stoff frå internett eller andre eksterne lagringsinstansar som eg ikkje har fått tydeleg løyve til frå faglærar
- Å avinstallere programvare som skal vere på maskina.
- Å installere programvare som ikkje er godkjend av lærar eller IKT-ansvarleg ved skulen.
- Å bruke datamaskina til å kommunisere med andre i skuletida utan særskilt løyve (t.d. Facebook, Instagram, Snapchat, Twitter m.m.)
- Å bruke mobiltelefon eller andre former for berbar teknologi utan løyve frå lærar.
- Å ha maskina open når læraren underviser frå tavle/kateter, eller på annan måte gjennomgår felles stoff i klassen. Unntak gjeld dersom eleven på førehand har fått løyve frå lærar til å t.d. ta notat frå undervisninga.
- Å ete/drikke samstundes som eg arbeider på maskina.
- Å teikne på eller lime klistermerker på datamaskinene.

3. Du har ansvaret for ditt eige område. All lagring skal skje der.

- Det er ikkje tillate å skaffe seg urettmessig tilgang til andre brukarar sine data. Forsøk på dette vil føre til sanksjonar.
- Maskina skal låsast eller slåast av når du går frå eller er ferdig med bruk.
- Nettet må ikkje brukast til å fornærme eller plage andre brukarar.
- Nettet må ikkje brukast til å bryte andre brukarar sin rett til personvern.
- Det er ikkje tillate å søkje urettmessig tilgang til ressursar på nettet (Hacking, Piratkopierte programvare, bruk av falsk digital ID)
- Dersom du lagar ei eiga heimeside, må du følgje reglane for publisering av informasjon på internett. Pressa sin "ver varsam plakat" gjeld også her.
- Dersom ein får løyve av lærar til å ta med utstyr heim, skal det berre nyttast av den aktuelle eleven til skuleretta føremål.

4. I høve til tentamen, eksamen, prøver m.m.

Eg pliktar sjølv å sjå til at maskina er klar til bruk, med alle nødvendige funksjonar på plass!

Dersom noko er i ustand/manglar, skal eg i god tid før prøva ta kontakt med systemansvarleg.

Eleven skal slå av PC på slutten av kvar dag, og har ansvar for å halde utstyret oppdatert og klart til bruk. Batteriet skal alltid ha nok straum til å kunne brukast på skulen.

5. Vern om din eigen identitet. Ver forsiktig med å gje opplysningar om deg sjølv som kan bli misbrukt av andre.

- FEIDE-identitet, eige passord og e-postadresse skal ikkje nyttast av andre enn deg sjølv.
- Dersom du mistenkjer at nokon andre kjenner til ditt private passord, skal du straks seie ifrå til lærar eller IKT-ansvarleg på skulen.

6. Det er ulovleg å bryte nettreglane for akseptabel bruk eller på andre måtar vere med på ulovlege handlingar.

- Informer lærarane om du oppdagar ubehagelege eller ulovlege handlingar.
- Det er ikkje lovleg å gå inn på sider som inneheld pornografi. Det er også ulovleg å formidle pornografi til andre.

7. Dersom noko likevel skulle skje

- Dersom noko skulle skje med utstyret, skal eg STRAKS ta kontakt med systemansvarleg
- Bevisst skadeverk (ikkje uhell) vil bli rapportert til heimen snarast råd, og vil føre til merknad som vil bli teken med i fastsetjing av åtferdskaraktaren ved terminslutt.
- Skadeverket vil vidare, på lik line med øydelegging av anna skulemateriell, måtte erstattast/ordnast av meg sjølv/føresette. Dette kan omfatte oppdatering, reparasjon eller erstatning av utstyr.
- Mobbing, diskriminering eller trakassering av andre gjennom skulen sitt IKT-utstyr kan føre til utestenging frå all bruk av IKT i ei periode. Alvorlege tilfelle vert melde til politiet.
- Underteikna er kjend med at brot på desse reglane kan føre til sanksjonar med tanke på bruken av skulen sitt IKT-utstyr.
- Utstyret kan med jamne mellomrom bli sjekka med omsyn til alle desse punkta av systemansvarleg ved skulen. Systemansvarleg har open og full tilgong til maskina, og kan utan førehandsvarsling ta inn maskina for å sjekke.

Overtreding av reglane vil medføre tiltak som kan avgrense tilgangen til bruk av skulen sitt datautstyr over kortare eller lengre periodar. Grove overtredingar vil føre til vanlege straffereaksjonar.

Eg stadfestar med dette å ha lese og godteke alle vilkåra i denne avtalen:

Dato

Namn elev

Namn føresett